KD
20 DES. 2006
200605083-49

**Aasen Line**

**Fra:** Sverre Leivdal [sverre@norsknettskole.no]
**Sendt:** 20. desember 2006 13:20
**Til:** Postmottak KD
**Emne:** Høringsuttalelse i forbindelse med endringer i Friskoleloven
**Vedlegg:** høyringsuttale frå Norsk Nettskole.doc

Vedlagt ligger høringsuttalelse fra Norsk Nettskole as. Vi er medlem av Norsk Forbund for Fjernundervisning, og godkjent som frittstående fjernundervisningsinsitusjon.

Mvh
Sverre Leivdal
-daglig leder-
*Norsk Nettskole as*
*Kårstadvegen 5, 6100 Volda*
*post@norsknettskole.no*
*70 05 61 40*

## Uttale i høve framlegg til ny privatskolelov

**Norsk Nettskole AS er eit kommunalt eigd non-profit aksjeselskap som sidan 1996 har levert nettbasert etter- og vidareutdanning til om lag 10 000 lærarar i norsk skole. Norsk Nettskole står bak Globalskolen, som sidan 1998 har levert nettbasert kompletterande undervisning til norske born som er busette i utlandet. Skolen har no 500 elevar i 70 forskjellige land. Selskapet har også utvikla læringsplattforma PedIT. På bakgrunn av erfaringar med nettbasert læring ynskjer vi å kome med følgjande uttale og framlegg til endring:**

### Departementet sitt framlegg:

http://www.dep.no/filarkiv/292803/200605083_lovtekst.pdf

§ 1-2. *Verkeområdet*

*Lova gjeld godkjenning med rett til statstilskot for private grunnskolar, private vidaregåande skolar, og vilkår for å få slikt tilskot.*

(...)

***Lova gjeld ikkje fjernundervisning og kjøp av opplæringstenester.***

*(vår utheving)*

### Norsk Nettskole sin uttale:

Vi har forstått det slik at setninga ikkje vil gjelde for ny § 6.4 om kompletterande undervisning av elevar i utlandet og forskrift om dette.

Setninga kan likevel vere uheldig for:

- elevar som ikkje har tilgang til likeverdig opplæring der dei er busette
- elevar som manglar kvalifiserte lærarar i eitt eller fleire fag
- utvikling av nettbaserte opplæringstenester/læremiddel som er eit satsingsområde i departementet sine planar for IKT i utdanninga
- fagleg samarbeid mellom norske private grunnskular i utlandet og nettbaserte skuletilbod i Noreg

Likeverdig opplæring, med moglegheit for kjøp av nettbaserte tenester, bør vere eit prinsipp uavhengig av om det er offentlege eller private grunnskolar som leverer undervisninga.

Setninga bør etter vårt syn formulerast med ei presisering, for eksempel slik:

***Lova gjeld ikkje fjernundervisning og kjøp av opplæringstenester der elevar har tilgang til likeverdig opplæring gjennom lokale godkjende skuletilbod.***

Volda, 20/12-06

Sverre Leivdal
-dagleg leiar-